

# Referat frå SU-møte 28.11.19

## Tilstades:

Gunn Berit Nergård (skulesjef), Lise Kvannefoss (foreldre bhg), Tori Snerte (livsløp), Heidi Sæther (tilsette skule), Irene Markegård (foreldre skule), Tonje Køgel Mandt (tilsette bhg), Heidi Myrvoll (rektor) og Eva Markegård (styrar).

## Saksliste:

- ▶ SU sin samansetning: Endring i dette sidan 2012. Dette må inn i vedtekter. Bør også nemne leiing i bhg?
- ▶ Infobolk – 5 min på kvar:

### Skule:

Gunn Berit viste til statistikk og tal på utvikling for Hemsedal, og Hallingdal. Det er auke i antal sakjer med individuelle behov og behov for styrking rundt enkeltelevar.

Her var det info om trivselsundersøking i skulen, som syner at elevane skårar bra på trivsel, men at situasjon ved toalett og garderobe skapar utfordringar. Sidan i vår har veilederkorpset vore innom jamleg, der fokus er på å skape meir inkluderande skulemiljø, med fokus på overgangar. Det er vorte utarbeidd trivselsreglar saman med elevane, og det er og skapt to figurar som symboliserar dette. Figurane og reglane er synlege på heile skulen.

Det er utfordring for skule når det gjeld budsjett og ressursar. Det er og behov for EI SKULE i Hemsedal, snarast.

### Barnehage:

Auka til 6 avdelingar – det har vore ein tøff haust pga forseinka utbygging. Bhg har prøvd å spare ved å ikkje tilsette inntil barn startar, men det er veldig ustabil. Nye barn har starta opp i september – oktober – november – desember, og det kjem og nye i januar. Dette er lite heldig, bhg ynskjer færre opptak – endring i vedteker. Det går utover barn og tilsette.

- ▶ Budsjett: Kva treng skule og bhg per i dag? Me bør lage notat til politikarar med kva me treng. Notatet går på mail til alle – alle kjem med innspel.
- ▶ Evaluering av foreldremøte i bhg – info: Denne saka vart det ikkje tid til.
- ▶ Godkjenning av barnehagens årsplan:

Forslag om å leggje inn FAU sitt årshjul/kalender for diverse arrangement. Elles ok.

► Open post

- Frå foreldre i bhg - utemiljøgruppe: Dette er sett ned på tvers av foreldre og barnehage.
- Frå foreldre i bhg - oppstart i barnehage, med lite bemanning: uheldig med berre 2 vaksne på ei avdeling, blir opplevd som sårbart for barn og foreldre ved henting og levering. Bhg ynskjer det heller ikkje slik, men vart pålagt sparing. Ved normal oppstart, vil alle tilsette vere på plass frå nytt barnehageår, og då vil dette vere eit mindre problem.

Referent Eva M.